



Stord Folkehøgskule opna 20.august 2021

2021

www.stordnaeringsraad.no

ÅRSMELDING



**Over 80
kommunar
har valgt
digital løysing
frå Stord!**

Zpirit er eit fullservice reklamebyrå som tilbyr heile teneste-spekteret, frå strategisk rådgjeving til utvikling av digitale applikasjonar og effektive kommunikasjonsløysingar - i alle medium og format.

Blant anna er vår digitale rettleiar til hjelp i arbeidet for barn og unge, blitt eit førstevalg hjå norske kommunar.

Her finn du fleire døme på gode løysingar og nøgde kundar: zpirit.no/arbeid



Året 2021

Så vart også 2021 eit år sterkt prega av korona.

Nye mutasjoner og usikkerheit korleis dette ville påverke sjukdomsbilde, resulterte i strenge tiltak for næringsliv og samfunnet elles. Det vart krevjande for mange bedrifter, og mykje oppgåva vår som næringsråd vart å synleggjere dette for myndighetene både sentralt, regionalt og lokalt.

Det vart vanskeleg for Næringsrådet å arrangere frukostmøta, som jo skal vere vår faste møteplass for fagleg påfyll og nettverksbygging. Det meste vart utsett i håp om at det kom betre tider med lemping på restriksjonane. Stordkonferansen vart utsett frå juni til september.

Me fekk heldigvis nokre pusterom frå pandemien tidleg på hausten, kor det vart rom for både frukstmøter, Folk i sentrum arrangement, Stordkonferansen den 16.september og ikkje minst Årsfesten den 22.oktober. Med gode smitteverntiltak og veksande grad av vaksinering i

samfunnet var optimismen og lysta til fysiske møte stor i næringslivet. Dei ulike arrangementa er nærmare omtala i årsrapporten.

Stord Næringsråd har vore sterkt engasjert i næringslivet sine innspel til Kommuneplanarbeidet. Dette har vore viktig for å ha fokus på mellom anna kva areal det vert behov for i ein framtidig næringsstruktur.

Gjennom arbeidet i Næringsalliansen har me vore sterkt involvert i Grøn Region Vestland, opp mot Vestland fylkeskommune. Saman med Atheno, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og dei øvrige næringsråda i regionen har Grøn Region Sunnhordland vorte eit godt kunnskapsgrunnlag for moglegheitene i det grøne skifte, og det har belyst kva barrierar som me saman må forsere.

Sirkulærøkonomiprosjektet Levande Tekstil vart ein viktig del av oppgåvane til dagleg leiar gjennom 2021. FN sitt berekraftmål nr 12 omhandlar ansvarleg forbruk og produksjon,

som syner at meir av økonomien må verta sirkulær. Prosjektet med støtte frå Vestland fylkeskommune hadde ei totalramme på kr: 568.763,- Stord Næringsråd har henta ut mykje lærdom i prosjektet, og dette er nærmare omtala i årsrapporten.

For mange av bedriftene som måtte stenge ned, og som vart råka av strenge restriksjonar har også sentrale midlar bevilga gjennom kommunen, vore til god hjelp. Dette har kom til flere rundar, og har vore organisert gjennom Atheno AS.

Trass pandemi og restriksjonar har me næringslivsaktørar som jobbar godt, og som kjem i mål med sine prosjekt. Stord Folkehøgskule og Stord Helsepark, som opna i 2021, er to viktige bidrag til å skape eit nytt levande Leirvik sentrum.

Anne-Grete Sandtorv
Anne-Grete Sandtorv
Dagleg leiar

VISJON

Stord Næringsråd skal vera det sjølvskrivne fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet i Stord

MÅL

1.

SNR skal vera ein synleg interesseorganisasjon

2.

SNR skal vera talerør for næringslivet i Stord kommune

3.

SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på berekraftig verdiskaping

4.

SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter

5.

SNR skal driva i økonomisk balanse

Litt om kvart

154
Medlemmer
(Pr. 31.12.21)

6
Medlemmer
går ut

9
Nye medlemmer
i 2020

Stord Næringsråd har fått 9 nye medlemmer i 2021. Det er 6 medlemmer som går ut.
Av desse har 2 lagt ned bedrifta, mens 4 ikkje lenger har aktivitet på Stord.
Pr. 31.12.21 var det 154 medlemmer i Stord Næringsråd.

Styret har i 2021 hatt denne samansetjinga:

Einar Almås

Sparebanken Vest
Styreleiar

Kristine Aarsand Engelsen

W. Engelsen Ettf.
Nestleiar

Karoline Eldøy

ABO Plan & Arkitektur Stord
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre

Høgskulen på Vestlandet
Styremedlem

Øystein Kvalvik

Leirvik AS
Styremedlem

Odd Naustdal

Aker Solutions
Styremedlem

Randi Beate Hovland

Stord Helsepark
Styremedlem

Nina Lovise Langeland

Galleri Giga
Varamedlem

Oddvar Hårdé

Zpirit
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilet av resultatet i 2021 og den økonomiske stoda ved årsskiftet.

Stord Næringsråd har i 2021 hatt fire hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit overskot på kr: 164 624,-

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Anne-Grete Sandtorv er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar.

Det har vore åtte styremøte i 2021. Det er i 2021 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn.

Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

Næringsalliansen Vestland 2021

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 16 næringsråd og -foreiningar i heile Vestland fylke. Gjennom 2021 har det vore gjennomført fire møte i alliansen med godt oppmøte.

Formål og strategi

Samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen. Avtalen peiker særleg på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerør ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

Viktige saker i 2021

I 2021 har «Grøn Region Vestland» vore særleg viktig. Prosjektet skal nyttast som grunnlag når ei rekke private og offentlege aktørar arbeider for å realisere det store potensialet for grøn omstilling i fylket. «Grøn Region Vestland» er ei vidareføring av «Vestlandsscenaria», som Næringsalliansen var ein sentral pådriver for i 2020. EY har, på oppdrag frå Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge, utført ei omfattande kartlegging av etableringar og initiativ som kan medverke til

lågare utslepp, nye arbeidsplassar og auka eksport og verdiskaping. Fire delrapportar får fram ulike regionale styrkar og utfordringar i rekkjevis Bergensregionen, Fjordane, Indre Vestland og Sunnhordland. Industriell symbiose er eit sentralt omgrep, og «Grøn Region Vestland» peiker på fleire stader («hub-ar») med føresetnader for å samle ulike verksemder som kan ha stor nytte av kvarandre.

I tida som kjem vert det heilt avgjerande at entusiasmen kring «Grøn Region Vestland» vert vidareført og at suksessforteljingane frå Vestlandsporteføljen får fortent merksemd. Næringsalliansen kan, med sitt store geografiske nedslagsfelt, spele ei viktig rolle, og er alt invitert inn i fleire arbeidsgrupper som skal vidareføre dette.

«Grøn Region Vestland» utgjer eit viktig fundament for Handlingsprogram for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, vedtatt av Fylkestinget i desember 2021. Næringsalliansen var representert i ei referansegruppe undervegs i prosessen. Vestland fylkeskommune vart i eit brev frå Næringsalliansen utfordra til å fronte vestlandske interesser i kraftpolitikken:

«Det kan ikkje lenger vere slik at tilgjengeleg kraft vert tildelt etter eit «først til mølla»-prinsipp. Kraft må tildelast dei etableringane som kan vise til størst samfunnsøkonomisk

lønsemd, verdiskaping og sysselsetjing. Kraftrevjande tiltak som til dømes ikkje kan dokumentere ein auke i arbeidsplassar, må prioriterast lågare enn dei som medverkar til høgare, berekraftig sysselsetjing.»

Næringsalliansen sette óg ned eit internt utval, som medverka til tydelege formuleringar om ei forser utbygging av nødvendig nettkapasitet i det endelige vedtaket.

Alliansen har óg nytta høvet til å utdjupe bodskapen i et møte med det statlege Nakstad-utvalet, som legg fram sin rapport til sommaren 2022.

Samarbeidet med Vestland fylkeskommune fungerer svært godt. I 2021 fekk Næringsalliansen fast plass i Næringsforum Vestland, eit strategisk viktig forum for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Det har vore god aktivitet gjennom 2021, sjølv om føresetnadene ikkje har vore optimale. Næringsalliansen har gjennomført fleire medlemsundersøkingar, og det har vore viktig at desse er representative for verksemder i heile fylket, noko som óg har gitt godt synleg gjennomslag i pressa.

Bergen Næringsråd fungerer som administrativ ressurs for Næringsalliansen. Aktiviteten er i hovudsak finansiert gjennom medlemskontingent. I 2021 har Næringsalliansen óg fått økonomisk stønad frå Sparebanken Vest.

Næringsalliansen i Hordaland består ved inngangen til 2022 av desse 16 næringsforeiningane:

Bergen Næringsråd, Askøy Næringsråd, Austevoll Næringsråd, Bjørnafjorden Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Fikse Næringsforening - Etne og Vindafjord, Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringsservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrilag, Sogn og Fjordane Næringsråd, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringsselskap, Vest Næringsråd.



Sirkulær-økonomiprosjektet Levande Tekstil

Prosjektet har vore støtta av Vestland fylkeskommune, og styringsgruppa har bestått av:
Karoline Eldøy, Øystein Kvalvik og Ingvild Brekke Myhre frå styret i Stord Næringsråd.
Kristian Harnes - NUEN, Lars Halleraker - SIM, Astrid Tveiten - Norlender Knitwear,
Jane Jünger - Wärtsilä Norway og Anne-Grete Sandtorv - Stord Næringsråd som prosjektleiar.

Prosjektet skulle sjå på forretningsmodellar for sortering, resirkulering og gjenvinning av tekstilavfall. Avklare potensiale for utvikling og industrialisering av sorteringsanlegg saman med industribedrifter i regionen. Avklare forretningsmogleheieter i kjemisk gjenvinning av tekstil til nytt råstoff, samt gjenvinning til nye produkter.

Jobbe fram forretningsmogleheieter for lengre levetid for tekstil gjennom nye prinsipp for design. Utforske berekraftig og konkurransedyktig tekoindustri på Vestlandet.

Bakgrunn

Nye EU-krav om sortering av tekstilavfall i 2025 vil måtte endre kommunane si handtering av tekstil frå hushald. Dette vil opne for nye forretningsmodellar når det gjeld sortering, resirkulering og gjenvinning av avfall. På same måte vil krav om produsentansvar i EU-kommisjonens plan for sirkulærøkonomi 2.0 (CEAP) skape eit stort potensial for nye prinsipp for design som forlenger levetid på tekstil, design av tekstil som er reparerbar og design av tekstil som vert tilverka av nye råstoff.

Tidleg i prosjektet vart det tydeleg at dei andre nordiske landa har kom mykje lengre enn Norge når det gjeld gjenvinning og resirkulering av materialer, naturleg nok då mellom anna Sverige har ein stor tekoindustri. Eigenskapene til ull som materiale er lite påaka utanfor Noregs grenser, og manglande kunnskap om ull gjer at det kjem därleg ut i EU sine testar(PEF) for miljøavtrykk.



*Redesign av
Silje Vatne Ersland.
Den røde kjolen
har fått nytt liv!*

Kva har me lært gjennom prosjektet

Gjennom prosjektet Levande Tekstil lærte me at ein svært liten del av økonomien i dag er sirkulær, og at det her ligg eit stor potensiale for verdiskaping i mange bransjar. Å omtale «søppel/boss» som restprodukt vert viktig for å snakke opp verdien av råstoff i nye verdikjedar. Me ser ein stor mangel på kunnskap om sirkulærøkonomisk tankegang i næringslivet og det offentlege.

Sverige og andre nordiske land er komt mykje lengre enn Norge innan materialgjenvinning og sirkulærøkonomiske modellar. I dag inneheld 60% av kleda som

vert produsert plast. Dette gjer materialgjenvinning komplisert. Ved resirkulering er det viktig å ha ein kunde/marknad i andre enden. Det er stort behov for, og potensiale for forsking på området.

I tillegg ser me at den foreslårte nye merkeordnings, PEF (Product Environmental Footprint) frå EU, er eit dårleg analyseverktøy fordi det fremmar bruk av syntetiske materiale framfor naturmateriale, deriblant ull.

Prosjektet Levande Tekstil har synleggjort verdien av gjenbruk og ombruk, og det potensiale som ligg i å lage nye forretningsmodellar og

nye verdikjedar. Det er stor verdi i at tekstilar varer lengre. Betre kvalitet skapar ein «2.hand» marknad, og er med å driva kvaliteten opp og mengda av klede ned. Her ser me at det skjer mykje spanande på Stord og andre stader.

Stord Næringsråd har ikkje tatt stilling til det å søkja nye prosjekt som oppfølging av prosjektet Levande Tekstil, men det er klart fleire spanande vegar å gå for eventuelle oppfølgingsprosjekt. Ein «sirkulærøkonomi skule» retta mot næringsliv og det offentlege, kan vera eit potensielt prosjekt.



16. september - 2021

Stordkonferansen

Stordkonferansen vart gjennomført med eit maks-tal på 150 deltakarar. Tema Havet - Vår felles ressurs! Det vart ein fantastisk god konferanse både innhaldsmessig og gjennomføringsmessig – strålende leia av Jane Jünger, kommunikasjonssjef i Wärtsilä Norway.

Med båttur i regi av Haugaland Kraft og U37, gjekk turen til Eldøyane og Renevo sitt Biogassanlegg. Ein veldig kjekk og imponerande avslutning på konferansedagen.



Folk i sentrum arrangementet og Folk i sentrum Prisen

Saman med DNB delte Stord Næringsråd ut «Folk i Sentrum Prisen» for 2. gong den 23. september under Folkehelseforum. Matreddaren Mette Nygård Havre hadde eit svært engasjerande foredrag, men dessverre var det lite publikum til stades på Arena.

Dette til trass – nyhende om at Geir Angelveit vart tildelt Folk i Sentrum Prisen 2021, vart svært godt motteke. Hans iherdige innsats gjennom fire år for å få realisert ideen om ein folkehøgskule på Stord, fortener heider og ros. Sjølve prisen var laga av kunstnar Lena Walton Herfindal frå Stord.





Ordførar Gaute Epland - Stord kommune



Godt oppmøte på lansering av Grøn Region Sunnhordland

Grøn Region Sunnhordland

1. desember vart Grøn Region Sunnhordland lansert saman med Vestland fylkeskommune, Stord kommune, Innovasjon Norge, EY, Atheno og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det var fullt hus i kantina på Kunnskapshuset då fylkesordførar Jon Askeland ønska velkommen og

presenterte kunnskapsgrunnlaget for korleis Vestland fylke, og ikkje minst Sunnhordlandsregionen skal skape framtidas grøne arbeidsplassar. Og det er ingen tvil – eit av våre fortrinn er at vi har eit eksportrettet næringsliv og lang erfaring i havnæringane. Regionen er godt i gang innafor dei marine og maritime næringane, i tillegg til mellom anna biogass og

hydrogen som nye område. Grøn Region Sunnhordland har identifisert 50 prosjekt som bidreg til auka sysselsetting og grøn omstilling i regionen. Av desse er 8 konsept spesielt kvalifisert for å nå klimamåla i 2030, og for å auke verdiskapinga ved å ta del i kvarandre sine verdikjedar.

Årsfest 22. oktober

Med invitasjon til «den tredje dosen» og medlemmer som var veldig klar for eit sosialt liv, måtte årsfesten 2021 bli ein suksess.

Stord Helsepark tok imot oss og alle blei «diagnosert» til riktig bord på Arena.

Ole Bergensen og Terje Treet var sentral i underhaldninga og styrte oss galant gjennom kvelden. Tradisjonen tru vart det heile toppa med utdeling av Næringsprisen i samarbeid med Sparebanken Vest.

Næringsprisen 2021

Leirvik AS

ved Helge Gjøsæter

”

Næringsprisen 2021 er tildelt Leirvik AS v/ Helge Gjøsæter med følgende grunngjeving;

Det tradisjonsrike verftet i Aslaksvik har nyleg fylt 75 år, og er ei av hjørnestensbedriftene våre. Leirvik AS har gjennom desse åra omstilt seg frå å byggje båtar og fiskefartøy til olje- og gassinstallasjonar, og no satsar dei for fullt inn mot det grøne skifte, med ny teknologi og konstruksjonar innan infrastruktur, fiskeoppdrett, hurtigbåtar og havvind.

Bedrifa har også lange og gode tradisjonar for å tenkje nytt når dei rekrutterer nye, dyktige medarbeidarar, noko som gjer Leirvik til ein arbeidsplass med mangfold, kreativitet og mange spennande moglegheiter.

Leirvik AS er ei innovativ verksemnd, som i stor grad nytta lokale leverandørar, og ikkje minst er det svært positivt at dei no er kome på «lokale hender».



Frå venstre banksjef Svein Ottesen – Sparebanken Vest, adm.dir Helge Gjøsæter – Leirvik AS og leiar for prosjektstøtte Kjell Arne Halleraker – Leirvik AS



Frukostmøta

- vår faste møteplass for påfyll og relasjonsbygging

Grunna restriksjonar under pandemien vart det også i 2021 vanskeleg å ha fysiske frukostmøter.

I det lengste håpa me på at det skulle bli ein moglegheit på våren, men det første frukostmøte vart ikkje før i slutten av september. Me rakk tre frukostmøter før det igjen vart strengare restriksjonar.

**30.
september**

Den 30. september arrangerte Stord Næringsråd frukostmøte med Azets Insight kor tema var fjernleiing i ein digital kvardag. Heimekontor og møter på teams har gitt oss nye utfordringar også som leiarar, og seniorrådgjevar Elin Heesen i Azets Advisory gav gode råd til dei 30 frammøtte. Og kanskje det aller beste rådet; at god leiing er det som fungerer best, også digitalt.

**7.
oktober**

Den 7. oktober var det frukostmøte med BDO, og tema var Berekraft – korleis næringslivet kan auka bevisstgjeringa om tema, og ikkje minst korleis gjer berekraft til eit konkurransefortrinn. Det var godt engasjement frå dei 50 frammøte, som diskuterte i grupper kva som vart gjort i den einskilde bedrift. Det var Tina-Irene Luggenes Amundsen og Håkon Dalland frå BDO, som leia oss gjennom presentasjonar og workshop.

**5.
november**

Den 5. november var det hovudsamarbeidspartner Haugaland Kraft som inviterte til frukostmøte. Naturleg nok var straumprisen eit viktig tema, og med oss for å gje ei forklaring på dette var kraftmarkedsanalytikar Torbjørn Haugen i Volue. Dei ca 40 frammøtte fekk også kunnskap om smart energistyring og korleis 5G utbygging vil opne for nye moglegheiter for berekraftige løysingar.

Næringsminister Jan Christian Vestre valte Stord som sitt første besøk med næringslivet.

Den 27. oktober tok me imot ein energisk og interessaert næringsminister.

Saman med Stord kommune, Atheno, NCE Maritime CleanTech, Katapultsenteret Sustainable Energy og Innovasjon Norge, hadde me lagt opp til eit svært spanande og tett program for Næringsministeren. Og som han sjølv sa da han landa på Sørstokken – «det er ikkje tilfeldig at eg kjem til Stord og denne regionen først.»

Det var tre hektiske timer med næraast «kongeleg presisjon», kor til om med sola var framme mellom kl 10 -13. Næringslivet sine forventningar til ministeren vart klart og tydeleg kommunisert, og han noterte flittig både utfordringar og gode løysingar for korleis me skal lukkast med å skape fleire eksportnæringer.



*Omvisting på
Katapultsenteret
og fotoseanse
foran Aker
Solutions på
Eldøyane.*

Medlemmer



ABB STORD
ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
ADECCO NORGE AS
ADVANTEC AS
ADVOKATKONTORET SUNNHORDLAND AS
AG MG INVEST AS
AIJOB AS
AKER SOLUTIONS
AKIRO AS
AKTIV SUNNHORDLAND
AKTIMED NORGE AS
AKTUM HOLDING AS
ALLIANCE+ AS
ALMAAS HOTELL STORD AS
AMFI STORD SENTERFORENING
ARITECH AS
ATEA AS
ATHENO AS
AZETS INSIGHT AS avd. Bømlo
BAKERIET FRUGÅRD
BDO AS
TORE M BJELLAND
BK MARINE AS
BRALUNSJ AS
BRILLERIET AS
BYRÅET SYDVEST
OSEN STORD AS
COAST APARTMENT AS
COGNIZANT
CONTESTO AS
DNB
ECIT STORD AS
ELDØYANE NÆRINGSPARK AS
ELIE VERKSTAD AS
W. ENGELSEN ETTF AS
ENGEVIK BYGGSENTER AS
EQUITY FINANS AS
ERKO SETTEFISK AS
EXPERIS AS

FITNESSINVEST
FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN
FRAMCOM AS
FRONTA AS - FRONTAGRUPPEN
FUNKWORKS AS
FYLKESNES BIL AS
JOHN FØRLAND
GALLERI GIGA
GENIE AS
GLASS & BYGGTEKNIKK AS
GRAND HOTELL STORD AS
GROV FORSKALING AS
GROV GRASKLYPP AS
HAGA MAT AS
ODD HANSEN PROSJEKT AS
HAUGALAND KRAFT AS
HEIANE BIL AS
HEIANE STORENTER DRIFT AS
HSO - HAUGALAND & SUNNHORDLAND
- OPPLÆRINGSKONTOR FOR ELEKTROFAG
HYDS
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
IBOX
IF SKADEFORSIKRING
INGENIØR ØYVIND JØRGENSEN AS
INTEROPTIK SELE AS
INVIA AS
ISS FACILITY SERVICES AS
ITEAM
KAIBAKKEN HOLDING AS
KATTNAKKEN AS
KINNARPS AS avd Bergen
KLEIVO HOLDING AS
KONTADO AS
KPMG AS
KUNNSKAPSHUSET AS
MAGNE LANGÅKER, FOTOGRAF
LEARNTOFLY.NO
LEIRVIK AS




Foto: Tor Reiser

LEIRVIK SENTRUMSFØRENING
LINK ARKITEKTUR
LIV's SYNYTT
JON LUND
LAASTAD PLUSS & MINUS AS
MEDIEHUSET SUNNHORDLAND
MS SUNNHORDLAND
MULTICONULT
NAV ARBEIDSIVSSENTER HORDALAND
NAV SUNNHORDLAND
NCE MARITIME CLEANTECH
NITO NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND
NOBEL MOTE AS
NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS
NORENGROS K.J.BRUSDAL AS
NORSEA STORDBASE AS
NUEN
OPERO AS
GUNVALD OTTESEN
PRINT OG RAMME AS
RAGN SELLS AS
RENEVO
RESPONSA
SALT SHIP DESIGN
SKAG DESIGN
SKJÆRGÅRDSERVICE AS
SKYE SOLUTIONS, AVD.STORD
S. KNUDSEN HOLDING AS
SPAREBANKEN VEST
SPAREBANK 1 SR-BANK, Stord
STOMAS AS
STORDING AS
STORD ANLEGG AS
STORD CONSULTANTS AS
STORD EIENDOM
STORD ENGINEERING AS
STORD FOLKEHØGSKULE AS
STORD HELSEPARK
STORD HOLDING AS
STORD HOTELL AS
STORD INNKVARTERING
STORD KOMMUNALE EIGEDOM AS
STORD KOMMUNE
STORD KONFERANSEENTER/VEVOS AS
STORD MOBILKRAN AS
STORD VIDAREGÅANDE SKULE
STORD24
STOREVIK IT AS
STUDALEN AS
SUBSHORE.NO AS
SUNNHORDLAND BIL AS
SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS
SUNNHORDLAND MUSEUM
SUNNHORDLAND TRAFIKKOPPLÆRING AS
TADA
TECA
TESS
TIDE BUSS AS
J. TUFTELAND AS
TVEIT REGNSKAP AS
TYSNES SPAREBANK
VALVATNE-GRUPPA
VARMTHUS HANS INGVAR ROMSLOE
VELVÆRETUNET AS
VESTBO
VEST LYDSERVICE AS
VIEW LEDGER AS
VIKSE AS
VAAGAVATN
WÄRTSILÄ NORWAY AS
WINNTech AS
YTRE SUNNHORDLAND OPPLÆRINGSKONTOR
YSST HMS
ZENIT ENGINEERING AS
ZPIRIT AS

Hovudsamarbeids-partnarane



www.akersolutions.com

Aker Solutions sitt verft på Stord vart også i 2021 prega av covid-19. Med stor aktivitet skapte det vanskar med tilgang på arbeidskraft då styremaktene i mars stengte grensene. Heldigvis kom det etterkvar på plass ei søknadsbasert ordning for å ta inn eit avgrensa tal utanlandske arbeidarar, som gjorde at me unngjekk stopp i prosjekta.

Dei største prosjekta dette året har vore Njord A, Johan Castberg og Johan Sverdrup. I juni var den 5000 tonn store tilleggsmodulen til Johan Sverdrup fase to klar for utlasting, og månaden etter var modulen klar

for å bli slept ut i havet og løfta opp på stigerørsplattforma. Njord har også dette året vore eit stort og krevjande prosjekt. Trass vekst i arbeidsomfang og mangel på arbeidskraft på grunn av covid-19, hadde prosjektet god progresjon gjennom året, slik at plattforma er klar til sjøprøvar i byrjinga av 2022. Det var også stor aktivitet i Johan Castberg-prosjektet. Alle modular er no samla på verftet, og er klar for innløft når skroget kjem våren 2022.

Første etappe av støypinga av Hywind Tampen-understella blei ferdigstilt i dokken, og kunne i april

slepast til Dommersnes for vidare glidestøyp. I tillegg har det vore aktivitet med bygging av nytt MEG-tog til landanlegget på Kollsnes, og førebuinger til byggestart på elektrifiseringssprosjektet Troll Vest og CO2-fangstprosjektet Northern Lights.

Aker Solutions har i tillegg vunne viktige forprosjekteringsoppdrag på Wisting, Valhall og Noa, som posisjonerer selskapet for store og viktige nybyggoppdrag.



www.spv.no

Vestlandets eigen sparebank i 198 år

Sparebanken Vest er ein frittståande sparebank med røter tilbake til 1823. Banken er landets nest eldste bank, og i dag er Sparebanken Vest den tredje største sparebanken i landet. Banken er 60 prosent samfunnseigd og 40 prosent eigd av private eigarar gjennom eigenkapitalbevis på Oslo Børs. Hovudkontoret ligg i Bergen, og banken yter tenester i personmarknaden, næringsliv og offentleg sektor i Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal. Sparebanken Vest har 35 kontor – frå Ålesund i nord til Jæren i sør med meir enn 600 medarbeidarar. Forretningsideen til banken er todelt, basert på bankdrift,

men òg på samfunnsengasjement. Visionen til Sparebanken Vest er at alt dei gjer, gjer dei for å bidra til at livet på Vestlandet skal verte enno litt betre. Utanom tradisjonell finansiering, engasjerer banken seg på ei rekke områder. Eksempel på dette er at banken er initiativtakar og støttespelar i ei rekke klyngjesamarbeid, finansiell støttespelar til studieprogrammet brytingstid på NHH, arrangør av Vestlandskonferansen som er ein møteplass for vestlandsbedrifter, samt at me tilbyr eit profesjonelt tilbod til start-up selskap på Vestlandet.

Dei siste 10 åra har banken delt ut over 1,2 milliard kroner til allmennytige føremål på Vestlandet. Banken støttar ei rekke lag, organisasjonar, arrangement,

festivalar, klyngesamarbeid, næringsforeiningar og andre foreiningar i lokalsamfunna på Vestlandet.

På grunn av Korona-situasjonen oppretta Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest i 2020 eit ekstraordinært koronafond på ein million kroner for å støtte lag og organisasjonar som har mista arrangementsinntekter eller fått auka kostnader, som følgje av pandemien. I tillegg oppretta stiftinga eit ildsjelfond på ein million kroner til gode initiativ på Vestlandet.

I 2020 innførte Sparebanken Vest kundeutbytte. Dei siste to åra har Sparebanken Vest-kundane fått til saman 654 millionar i kundeutbytte.

Saman gjer vi det betre.

RENEVO

www.renevo.no

RENEVO har siden 2016 levert naturgass til husholdninger, offentlige bygg og lokalt næringsliv via rørnett på Stord, parallelt som det har blitt bygd et biogassanlegg på Eldøyane. Biogassanlegget er i gang med produksjon i deler av anlegget, og planlegger for full drift fra juni 2022. Ved full produksjon vil RENEVO produsere 60 GWh biogass til transport og oppvarming, i tillegg til biogjødsel og bio-CO₂.

RENEVO arbeider med omstilling til grønn energi, og har en ambisiøs målsetning om å bygge ti produksjonsanlegg langs kysten de kommende årene. Våre produksjonsanlegg kombinerer det ypperste av prosess- og

digitalteknologi og representerer det mest avanserte og bærekraftige innen produksjon av disse produktene.

I tillegg til å være i front på teknologi, rendyrker vi den sirkulære bioøkonomien der avfallsstrømmer fra andre næringer nyttiggjøres som en verdifull ressurs. Samtidig som vi effektivt trekker utslipp fra flere verdikjeder. Gjennom dette kan vi med fordel for klima og miljø muliggjøre et totalt utslippsregnskap som er langt lavere null. Dette kommer til syne basert på beregningsprinsippene i bransjenorm for biogass som ble lansert av Klimadirektoratet i 2019, der RENEVO sitt biogassanlegg på Stord kan vise til en utslippsprofil på hele -143%.

Eierskapet i RENEVO representerer en unik og solid kombinasjon av industriellkraft og gründerskap. Ikke minst en solid meritliste med utvikling av industrielle/teknologiselskaper innen flere bransjer som energi, leverandørindustri, telekom og elektro. RENEVO har som visjon å bli en ledende leverandør av alternativ energi, og arbeider etter misjonen om å lede utvikling av tilbudet innen miljøvennlige og alternative energiformer i samspill med næringsliv og offentlige kunder.



www.hkraft.no

2021: et strøm-varska

Nok et unntaksår ligger bak oss. Foruten en pandemipreget hverdag, vil året 2021 trolig bli husket for rekordhøye strømpriser. I vårt område var gjennomsnittsprisen per kilowattime nesten tre ganger høyere i fjor, sammenlignet med snittet for de siste ti årene. 2021 står dermed i sterk kontrast til 2020, da strømprisene var eksepsjonelt lave.

Utover høsten og vinteren i fjor økte strømkundenes fortvilelse i takt med strømprisene. Samtidig satte koronarestriksjoner, permitteringer, sykdom og uforutsigbarhet hele samfunnet på prøve. Krisen rammet særlig hardt de som allerede stod i en vanskelig livssituasjon fra før. I førjulstiden delte Haugaland Kraft derfor ut tre millioner kroner til vanskeligstilte rundt om i regionen.

Frivillighetssentralene i kommunene sørget for en rettferdig fordeling av midlene, som blant annet gikk til Frelsesarmeene, Kirkens Bymisjon, NAV og barnevernet.

Behov for nyinvesteringer i fornybar kraft

Haugaland Kraft sin satsing på havvind gjennom selskapet Deep Wind Offshore (DWO) vil være en viktig brikke i produksjonen av ny fornybar kraft slik at vi kan unngå kraftunderskudd og høye strømpriser i tiden fremover. Selskapet rigger seg for en konserasjon på Utsira Nord-feltet og fikk i 2021 million-tilskudd for å utvikle og kommersialisere teknologi som vil styrke lønnsomheten i flytende havvind.

Vekst, fusjon og nye eiere

Gode resultater bidrar til å trygge eksisterende, samt å skape nye

arbeidsplasser i regionen. I løpet av fjoråret passerte vi 500 ansatte, alle dyktige og engasjerte fagfolk som jobber spredt rundt om i regionen. Lønnsom drift gir også betydelige regionale ringvirkninger, bl.a. i form av kjøp av lokale varer og tjenester og skatteinntekter til kommunene.

Haugaland Kraft har lenge hatt en strategi om å være en pådriver i utviklingen av regionen Sunnhordland, Hardanger, Indre Ryfylke og Hordaland. I 2021 inviterte vi Sauda, Etne, Bømlo og Fitjar inn på eiersiden. Også Ullensvang kommune kom inn som ny eier da vi mot slutten av året slo oss sammen med Energiselskapet Odda. Utvidelsen er strategisk viktig og styrker det lokale eierskapet i konsernet. Samtidig sikrer fusjonen både forsyningssikkerheten, beredskapen og arbeidsplasser i Hardanger.



Byromsstrategi Leirvik sentrum – ABO Plan & Arkitektur Stord.

Framtid

I starten av året ser me at det lysnar i horisonten, og me har tru på eit opna samfunn og eit pulserande næringsliv i 2022. Tilbake til normalen – eller kanskje tilbake til ein ny normal. Mykje har endra seg gjennom dei nesten to åra med pandemi.

Næringslivet på Stord vil dei neste åra ha gode tider. Industrien har stor aktivitet innafor dei tradisjonelle marknadene, men er også i god driv i det grøne skifte. Den største utfordringa framover vert å få tilgang på nok kompetanse. Det å skapa ein attraktiv plass for å trekka til seg unge med kompetanse vert viktig å ha fokus på framover – på kommunenivå, men ikkje minst regionalt.

Arbeidet i Næringsalliansen med Grøn Region Vestland må følgast opp, slik at det viktige samarbeidet for å skapa verdiar og utvikle arbeidsplassar vert fruktbart. Det er stort fokus på korleis tilgang på kraft må løysast og korleis det må tenkast nytt frå eit statleg nivå for både å nå klimamål, samhandle med Europa og fortsatt ha eit konkurransesfortrinn med kraftprisen.

Styret ser det som ei viktig oppgåve at Stord Næringsråd fortsetja arbeidet

med å få dei store infrastrukturprosjekta på plass. Hordfast vil verta ein «game changer» for vår samhandling med resten av Vestlandet, og Sunnfjord vil ikkje minst vera avgjerande viktig for å jobba oss saman i ein bu- og arbeidsregion.

Eit strategiarbeid er godt i gang for å stake ut kurSEN for Stord Næringsråd mot 2023.



Johan Castberg skroget – på veg fra Singapore til Stord våren 2022.

Stord, den 9. mars 2022

Styret i Stord Næringsråd

Einar Almås

Einar Almås
Styreleiar

Kristine Aarsand Engelsen

Kristine Aarsand Engelsen
Nestleiar

Karoline Eldøy

Karoline Eldøy
Styremedlem

Øystein Kvalvik

Øystein Kvalvik
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre

Ingvild Brekke Myhre
Styremedlem

Odd Naustdal

Odd Naustdal
Styremedlem

Randi Beathe Hovland

Randi Beathe Hovland
Styremedlem

Resultatregnskap

Tittel	Note	2021	2020
Driftsinntekter og driftskostnader			
Salgsinntekt		1 880 373	1 313 209
Sum driftsinntekter		1 880 373	1 313 209
Varekostnad		497 318	190 017
Lønnskostnad	1	1 012 440	1 001 789
Annen driftskostnad	1, 2	207 070	244 813
Sum driftskostnader		1 716 828	1 436 619
Driftsresultat		163 545	-123 410
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		1 579	1 420
Annen rentekostnad		500	728
Resultat av finansposter		1 079	692
Årsresultat	3	164 624	-122 718
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		164 624	0
Overført fra annen egenkapital	3	0	122 718
Sum overføringer		164 624	-122 718

Stord, 9. mars 2021


Einar Almås
 Styreleder



Karoline Eldøy
 Styreleiar


Øystein Kvalvik
 Styremedlem


Odd Naustdal
 Styremedlem

Balanse

Eiendeler	Note	2021	2020
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	4	50 000	40 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	40 000
Sum anleggsmidler		50 000	40 000
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	5	185 606	60 625
Andre kortsiktige fordringer		4 408	13 679
Sum fordringer		190 014	74 304
Bankinnskudd, kontanter o.l.		259 078	221 140
Sum omløpsmidler		449 091	295 444
Sum eiendeler		499 091	335 444
EGENKAPITAL OG GJELD			
Oppjent egenkapital			
Oppjent egenkapital		142 340	265 058
Årets resultat	3	164 624	-122 718
Sum oppjent egenkapital		164 624	-122 718
Sum egenkapital	3	306 963	142 340
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 730	7 807
Skyldig offentlige avgifter		74 143	71 092
Annен kortsiktig gjeld	6	115 255	114 205
Sum kortsiktig gjeld		192 128	193 104
Sum gjeld		192 128	193 104
Sum egenkapital og gjeld		499 091	335 444


Kristine A. Engelsen
 Kristine Aarsand Engelsen
 Nestleder


Ingvild Brekke Myhre
 Styremedlem


Randi Beate Hovland
 Styremedlem


Anne-Grete Sandtorv
Anne-Grete Sandtorv
 Daglig leder

Noter

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

Regnskapslov

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger, og er avlagt i samsvar med regnskapslov og god regnskapsskikk i Norge for små foretak

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen av eiendeler og gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realiteter, ikke bare juridisk form.

Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

Noter

Note 1 - Kundekrav

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1

Note 2 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2021	2020
Leie lokaler	63 375	53 409
Uttstyr	0	253
Regnskapsfører	47 622	50 008
Revisjons honorar	8 370	7 599
Kurs/arrangement	13 173	48 332
Kontorutgifter	39 043	29 857
Andre driftskostnader/tap på krav	35 488	55 354
Sum Driftskostnader	207 070	244 813

Note 3 - Egenkapital

Egenkapital 01.01.2020	142 340
Årets endring i egenkapital - årets resultat	164 624
Egenkapital 31.12.2020	306 963

Note 4 - Aksjer i andre foretak

	Anskaffelseskost
Anleggsmidler	20 000
Atheno AS	20 000
Hordafast AS	10 000
Sunnfast AS	50 000
Sum	50 000

Note 5 - Kundekrav

Kundekrav er bokført til pålydende. Det er avsatt kr 2 000 til dekning av tap.

Note 6 - Annen kortsiktig gjeld

	2021	2020
Skyldige feriepenger	-107 818	-107 420
Påløpne honorarer	0	-6 785
Andre påløpne kostnader	-7 437	0
Sum	-115 255	-114 205



HAUGALAND KRAFT

din egen kraft



SNR

VI GIR KRAFT TIL EN STERK OG ATTRAKTIV REGION

Haugaland Kraft er stolt hovedsponsor for Stord Næringsråd. Sammen skal vi styrke og utvikle lokalsamfunnet.



RSM Norge AS

Til årsmøtet i Stord Næringsråd

Hatlandsmyra 9 Servicebygget, 5412 Stord
Pb 1291, 5406 Stord
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 53 40 99 80
F +47 53 40 99 81

Uavhengig revisors beretning

www.rsmnorge.no

Konklusjon

Vi har revidert Stord Næringsråds årsregnskap som viser et overskudd på kr 164 624. Årsregnskapet består av balansen per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisionsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av den International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en hoy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne fortar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Stord, 10. mars 2022
RSM Norge AS

Martin Eltarvåg
Statsautorisert revisor



Me blir Teca!



Helle Elecon, KES og TB Sunnhordland slår seg saman til største tekniske totalleverandør i regionen!

Med meir enn 130 års historie og kompetanse blir me eit av dei sterkeste fagmiljøa på vestlandet. Saman tilbyr Teca alle fag i alle marknader og gjer det tekniske enklare for våre kundar.

Er du på jakt etter gode tekniske tilbod eller jobb hjå oss?
Ring telefon **53 40 99 00** eller besøk **teca.no**

Stord

Ringvegen 6
5412 Stord

Hatlandsmyro 9
5412 Stord

Kvinnherad

Onarheimsvegen 4
5460 Husnes

Bogsnes 17
5460 Husnes

Bømlo

Kyrkjegardsvegen
4 5430 Bremnes

teca[®]
Teknisk totalpartner